

# Radio Vest – Telemark a/s

## UTTALE OM TILSKUDDSORDNING DAB

RVT takkar for henvendelse om tilskuddsordning for DAB digitalisering av sendenettet.

RVT vil samtidig gjera merksam på at me har ca 20 sendepunkt fordelt over eit stort og kronglut geografisk område.

Me ynskjer ikkje å søke om tilskot for å digitalisere vårt sendenett

Me kjem til å fortsette med FM i overskueleg framtid

Me meiner samtidig det er ei katastrofal feilvurdering frå Stortinget å vedta DAB utbygging utan å ha sikra seg at dette er framtida både teknologisk og politisk

Teknologisk og økonomisk er det einaste fornuftige å fortsette med FM til internettssending overtar.

Me vil nemne den norske datamaskina Kon Tiki (Tiki) som var eit godt sprang vidare i dataverden når den kom. Men ved at den ikkje på nokon måte klarte å etablere sitt system og teknologi som markedsledar, blei maskina og systemet feia av banen i løpet av få år

Det same vil skje med DAB satsinga. Dette er eit altfor dyrt system og spesielt i ei tid når internett er i ferd med å overta både radio og TV utsendelsar. DAB er allereie dødt før det har starta

Politisk har etter det me forstår England Australia og Norge vedtatt DAB som sitt framtidige system – ingen andre .

Teknologien går så fort fram at DAB alt i dag er avleggs

Medietilsynet bør vite dette og formidle kunnskapen tilbake til Stortinget slik at det blir maugleg å gjera fornuftige vedtak.

Å satse pengar på DAB konvertering er på ingen måte berekraftig og me vil så sterkt me kan henstille til medietilsynet å overføre den økonomiske bevilgninga til formål som tidlegare – formål som dei enkelte radiostasjonane ser seg tente med og ikkje øyremerke pengane til såkalla «fordampingsprosjekt»

For RVT

30/11 2015

  
Halvor Lognvik

Kopi : Alle parti på Stortinget